

From: "Andrea Kristin Kjellevoid Sleire" <Andrea.Kristin.Kjellevoid.Sleire@hvl.no>
Sent: Fri, 17 Nov 2023 14:08:56 +0100
To: "Postmottak" <postmottak@sikt.no>
Cc: "Anne Kathrine Haugen" <anne.kathrine.haugen@sikt.no>; "Solfrid Kjøberg" <Solfrid.Kjøberg@hvl.no>
Subject: Høyring om nasjonalt utdanningsregister - høyringssvar frå Høgskulen på Vestlandet

Høyring om nasjonalt utdanningsregister - høyringssvar frå Høgskulen på Vestlandet

Høgskulen på Vestlandet støttar ideen om å opprette eit nasjonalt utdanningsregister.

For at registeret skal kunne fungere etter intensjonen, krevst det eit strengt regime når det gjeld standardar og kodebruk. Slik registeret blir skissert no, er det for fleksibelt. Det er behov for strenge felleskodar og nasjonale standardar.

Det er viktig å minimere risiko for feilregistrering. Fleire fritekstfelt og moglegheit for både å registrere i eige system og direkte i utdanningsregisteret aukar risikoen. Ein må også forhindre dobbeltarbeid for dei som skal registrere. FS-basen ved institusjonen må vere autorativ kjelde til data i registeret for institusjonar som brukar FS, og data må flyte automatisk frå institusjonen sin FS-base til utdanningsregisteret, også ved endringar. Dette vil kreve utvikling av FS med fleire nye felt. Det er viktig at det blir gitt nok ressursar til at utdanningsregisteret blir bra og nyttig.

Historikk er viktig, og det er bra at ein planlegg for lang levetid for data i registeret. Historiske data tilbake i tid kan bli vanskeleg, spesielt med tanke på enkeltemne.

Omgrepet læringskontekst gir ikkje heilt meining. Sjølv om omgrepa i liten grad vil vere synlege for dei som ikkje er tekniske brukarar av systemet, hadde det vore bra om omgrepa var meir intuitive.

Det er bra at modellen tar omsyn til fellesgrader, forhåpentlegvis gjeld dette både nasjonale og internasjonale fellesgrader. Registeret må også ta omsyn til at det finst fleire målformer, spesielt med tanke på fritekstfelta som er skissert.

Vennleg helsing
Andrea Kjellevoid Sleire

Fagansvarleg / FS-teamet / Høgskulen på Vestlandet
Tlf: +47 55 58 71 89 *Besøksadresse:* Inndalsveien 28, Bergen

E-post for FS-hjelp: fshjelp@hvl.no

Postboks 7030, 5020 Bergen
www.hvl.no | twitter.com/hvl_no | facebook.com/hvl.no

